

**AVTALE OM AVSTÅING AV GRUNN, RETTAR, M.M.
I SAMBAND MED BYGGING AV VASS OG AVLAUPSLEIDNIGAR.**

Mellan Sameige Eikanger Vassverk og eigar av gr.nr. 213 br. 4 i Lindås, er det inngått følgjande:


AVTALE

1. Utbyggjar får med dette varig bruksrett til å byggja, drive og vedlikehalde vass- og avløpsleidningar over eigedomen, slik det går fram av vedlagde kartutsnitt dagsett 15.06.2015. Retten gjeld også plassering av kummer. Eigar av anlegget har rett for tilkomst til anlegga for å kunna utføra inspeksjonar, utbetringar og vedlikehald. Det same gjeld veggtilkomst for drift og vedlikehald av anlegget.
2. Det må ikkje byggjast eller fundamenteras nærmare enn 4 meter rekna frå midten av grøfta for offentleg ledningsnett. Arealet over leidningane kan nyttast til vanlege landbruksføremål, hage og plen. (Leidningane ligg på djupne 1,2 til 1,5m) Ved borehol i fjell, 5-6m.
3. I anleggstida har entreprenøren rett til å plassera massar på eigedommen langs grøftetraséen. Utbyggjar er ansvarleg for at det vert rydda opp etter anleggsarbeida og mogelege seinare reparasjonar. Mogelege skadar vert erstatta, dersom dei ikkje kan utbetrast/rettast opp.
4. Denne avtalen skal overførast til Lindås kommune med tilhøyrande rettar og plikter for den delen av anlegget som Lindås kommune skal overta.


Denne avtalen er sett opp i to eksemplar, eit til kvar av partane. Avtalen kan tinglysast på eigedommen.

Eikanger 20/6 2015

Grunneigar - personnummer


Dag E. Hagesæter
Dag Eivind Hagesæter

For Sameige Eikanger Vassverk


Ivar Eidsheim
Styreleiar